



\* Laurdag ettermiddag fekk dei aller yngste prøve seg, i konkurransen «gymkhana». Mariell Havnegjerde (4) frå Langevågen stilte med eigen ponni, shetlandspionnen Hestehavens Armani på fem år. Foto: Liv Jorunn Nyhagen.



\* På laurdag var det duka for nokre klubbklasser etter distriktsstemnet, og Randi Mork (13) og fjordingen Botnar vann Lett C med heile 60 prosent. Dette var hennar og venninna Louise Engeseth sitt fyrste dressurstemne. Engeseth reid på lånt hest for høvet. Foto: Liv Jorunn Nyhagen.

# Full kontroll i dressur

**Volda Rideklubb arrangerte dressurstemne i helga. 20 ryttrar stilte til start i fleire klassar, og også borna fekk prøve seg på hesteryggen.**

Distriktsstemnet byrja laurdag og vart avslutta søndag med den vanskelegaste klassen. Der måtte deltakarane gjennom heile 27 ulike punkt i framføringa. Laurdag vart det òg arrangert klubbstemne. Her trengde ein ikkje å ha betalt lisens for å delta, og fire stykke ned i tolvårsalderen testa ferdigheitene sine i hestedressur. Også dei heilt yngste fekk sjansen til å ri. Junior-gymkhana var ei hinderløype der ungar kunne melde seg på. Her var blant anna shetlandspionnar, som frakta born frå to til ti år over hindera. Alle fekk premiar.

## Ønsker fleire på hesteryggen

Stemmeleiar for helga var Edle Holmin. Ho fortel at det til saman deltok 24 stykke i konkurransane på distrikt- og klubbnivå. Mange av desse var med i fleire klassar.

- Det hender seg at vi har måtte avlyse stemner grunna lita

påmelding. Vi er såleis stort sett nøgde med arrangementet, men vi vil gjerne at fleire melder seg på ved seinare høve, seier ho.

Då hadde truleg kioskalet gått litt radigare òg.

## - Kva er eit dressurstemne?

Under eit stemne har rytteren eit fast program som må følgjast. Ved Rotevatnet i helga gjekk nivået frå Lett C til middels B.

- Presisjonen på øvingane aukar med klassane. Hesten må gå i ein viss form, og det blir minuspoeng om ein rir feil. Ved for mange feil kan ryttrar og hest bli eliminerte. Den som får flest poeng, vinn, forklarar Holmin.

På spørsmål om kva dommarer ser etter svarer Holmin at det heile skal sjå avslappa og lett ut. Samarbeidet med hest og ryttrar skal skje ved så fine signal at rytteren «flyt» bortover.

## Mellomnøgd prisvinnar

Den vanskelegaste og mest prestisjetunge klassen søndag var det Silvia van Hesik Førde som vann. Ho er utdanna rideinstruktør og jobbar ved hestelinja på Fjordane Folkehøgskule på Nordfjordeid.



\* Stemmeleiar Edle Holmin med sekretær Kjersti Stålem.

- Eg var kanskje favoritt då eg jobbar med hest på heiltid, tilstår ho. Dama starta med dressur i Nederland, og har sidan drive med det i godt over 20 år.

- Eg er nøgd med resultatet, men det var ei utfordring med vinden. Det kunne gått både betre og verre, synest ho. Dommar Vibeke Bongo utdjupe korleis vinnarrittet var.

- Kvaliteten på ridinga var god

innimellom. Førde rir ein kvalitetshest, og ho er ein god ryttrar, men dei manglar rutine. Ekvipasjonen er god, men dei treng meir stemnetrening, seier ho. Bongo vart flydd inn frå Drammen for å vere dommar i helga. Etter siste klassa bar det rett til flyplassen, og det var ho glad for. Den sure vinden søndag stod rett på vogna ho sat i.

## JAN ÅGE SUNDNES

2. Kirketeig, Anja Grønnevik Gyldens Aramis ØRKK 65,200 %  
3. Navelsaker, Julie Agriola EID 53,200 %

### LB2 søndag:

1. Standal, Ida Kristine Heidrid VOLDA 63,704 %  
2. Giskeødegård, Helen Mai Lilja GISK 59,630 %  
3. Holm, Marit Beyer Øytind MOLH 58,889 %  
4. Brungot, Tine Karin Hegdal Brungots CasanovaMOLD 55,185 %

### LA3 søndag:

1. Nyhagen, Liv Jorunn Pokemann VOLDA 67,407 %  
2. Kirketeig, Anja Grønnevik Aruba ØRKK 64,444 %  
3. Standal, Ida Kristine Heidrid VOLDA 58,889 %  
4. Øye, Ragnhild Myrstad Zamba EID 58,519 %  
5. Lefdal, Charlotte Festervikens Snorre EID 55,926 %

### 6. Giskeødegård, Helen Mai Lilja GISK 53,333 %

### LA6 søndag:

1. Nyhagen, Liv Jorunn Pokemann VOLDA 64,839 %  
2. Øye, Ragnhild Myrstad Zamba EID 57,742 %  
3. Øye, Isabell Engjoberg Brautar ØRKK 56,452 %  
3. Lefdal, Charlotte Festervikens Snorre EID 56,452 %  
5. Øygarden Johansen, Line Melly TANG 50,968 %

### MB1 søndag:

1. Van Hesik Førde, Silvia Myrstad Armani EID 62,353 %  
2. Nyhagen, Liv Jorunn Thoke VOLDA 58,971 %  
3. Leithe, Lise Elverum Donnetella VDAL 51,765 %  
4. Nesbakk, Silje Altanero CVII EID 51,324 %  
5. Orvik, Ann Elen Toronto MOLD 50,735 %

### Resultatliste distriktsstemnet:

#### LC2 laurdag:

1. Kirketeig, Anja Grønnevik,	Gyldens Aramis,	ØRKK	67,600 %
2. Liland, Malin	Regina Brungot	EID	64,000 %
3. Holm, Marit Beyer	Øytind	MOLH	60,800 %
4. Navelsaker, Julie	Agriola	EID	52,400 %

#### LB2 laurdag:

1. Liland, Malin	Regina Brungot	EID	60,000 %
2. Holm, Marit Beyer	Øytind	MOLH	57,778 %
2. Brungot, Tine Karin Hegdal	Brungots Casanova	MOLD	57,778 %

#### LA3 laurdag:

1. Nyhagen, Liv Jorunn	Pokemann	VOLDA	66,667 %
2. Kirketeig, Anja Grønnevik	Aruba	ØRKK	63,333 %
3. Nyhagen, Liv Jorunn	Thoke	VOLDA	63,333 %
4. Leithe, Lise Elverum	Donnetella	VDAL	59,630 %
5. Nesbakk, Silje	Altanero CVII	EID	58,889 %
6. Øygarden Johansen, Line	Melly	TANG	58,519 %

#### MB1 laurdag:

1. Gjerland, Ina Mari	Anastasia III	EID	65,294 %
2. Van Hesik Førde, Silvia	Myrstad Armani	EID	64,853 %
3. Nyhagen, Liv Jorunn	Pokemann	VOLDA	62,500 %
4. Nyhagen, Liv Jorunn	Thoke	VOLDA	59,118 %
5. Nesbakk, Silje	Altanero CVII	EID	56,029 %
6. Leithe, Lise Elverum	Donnetella	VDAL	50,294 %
7. Orvik, Ann Elen	Toronto	MOLD	50,000 %

#### LC2 søndag:

1. Holm, Marit Beyer	Øytind	MOLH	66,000 %
----------------------	--------	------	----------



\* Nederlandskfødde Silvia van Hesik Førde frå Nordfjordeid tok fyrsteplassen i den vanskelegaste klassa søndag.



\* Liv Jorunn Nyhagen frå Volda rideklubb deltok i fleire klassar, og fekk her andreplassen i middels B1, som var den hardaste klassen på søndag.